



Førde kommune



*Spesielle miljøtiltak i jordbruket*  
*Tiltaksstrategi 2017 - 2020*

[www.forde.kommune.no](http://www.forde.kommune.no)



## INNHALD

|  | side |
|--|------|
| 1. Innleiing                                 | 3    |
| 2. Prosess og lokal forankring               | 3    |
| 3. Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) | 3    |
| 3.1 Mål med ordninga                         | 3    |
| 3.2 Verdier i Førde sitt jordbrukslandskap   | 3    |
| 3.3 Viktige utfordringar                     | 3    |
| 3.4 Aktuelle tiltak                          | 3    |
| 3.5 Aktuelle søkjarar                        | 4    |
| 4. Kommunal sakshandsaming                   | 4    |
| 4.1 Vedtaksmynde                             | 4    |
| 4.2 Søknadsfrist                             | 4    |
| 4.3 Søknad                                   | 4    |
| 4.4 Prioritering                             | 5    |
| 4.5 Tilskotssatsar                           | 5    |
| 4.6 Utforming av tilskotsbrev                | 5    |
| 4.7 Klagerett                                | 5    |
| 5. Tilskotstrong                             | 6    |
| 5.1 Bruk av midlar perioden 2013 – 2016      | 6    |
| 5.2 Tilskotstrong i perioden 2017 – 2020     | 6    |



## **1. INNLEIING.**

Kommunen har avgjerdsmynde i forvaltning av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL). Det faglege og administrative handlingsrommet er fastsett i «*forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket*». Innanfor ei økonomisk ramme tildelt av fylkesmannen, har kommunen høve til å prioritere tiltak ut frå lokale tilhøve, forankra i den 4-årige tiltaksstrategien som du no har føre deg. Som i anna utøving av offentleg mynde, skal naturmangfaldlova leggjast til grunn ved handtering av SMIL ordninga.

## **2. PROSESS OG LOKAL FORANKRING.**

Strategiplanen er i utgangspunktet frå 2004. Etter 12 års erfaring og 3 reviderte versjonar, har den vist seg som eit godt verktøy til fordeling av SMIL midlar. Planen for 2017 – 2020 er noko forenkla i høve til tidlegare, men essensen er lik sine forgjengarar. Førde Bondelag og Førde Bonde- og Småbrukarlag har delteke i arbeidet med å utforme planen.

## **3. SPESIELLE MILJØTILTAK I JORBRUKET (SMIL).**

### **3.1 Mål med ordninga.**

Føremålet med tilskotsordninga er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap, og redusere ureining frå landbruket. Normalt blir tilskot løyvd til tiltak som går utover det som kan forventast av vanleg jordbruksdrift på ein landbrukseigedom.

### **3.2 Verdier i Førde sitt jordbrukslandskap.**

Jordbruket sitt kulturlandskap er områder som representerer natur og kulturhistoriske verdier som er eit resultat av allsidig matvareproduksjon over lang tid, gjerne fleire tusen år. Dei største kulturlandskapsverdiane er gjerne knytt til tungdrivne småbruk der dei disponible naturressursane over tid er godt utnytta på ein berekraftig måte. Slåtte- og beitemark, bygningar og tun, gjerder og vegar, bekkar og vassdrag, skapar eit variert og særprega landskap som er viktig for tilhøyrslø, tradisjon og verdiskaping.

### **3.3 Viktige utfordringar.**

- Høvelege rammevilkår for eit aktivt landbruk tufta på berekraftig drift.
- Jordvern.
- Attgroing av viktig kulturmark og areal med høgt biologisk mangfald.
- Forfall av verneverdige bygningsmassar og kulturminne.
- Tap av stiar og ferdselsvegar i kulturlandskapet.
- Erosjon og ureining frå landbruksareal.
- Luktproblem ved bruk av naturgjødslø i tettbygde strom.

### **3.4 Aktuelle tiltak.**

- Det kan søkjast om midlar til overordna planleggings- og tilretteleggingsprosjekt som fører til tiltak som tek vare på natur- og kulturminneverdier i kulturlandskapet og som hindrar ureining frå landbruket.

- Det kan søkjast om tilskot til prosjekt som tek vare på natur- og kulturminneverdiar i kulturlandskapet og hindrar ureining frå landbruket. Dette kan vere:
  - Skjøtsel og restaurering av areal for å ta vare på biologisk mangfald og gamal kulturmark.
  - Istandsetjing av kulturminne og kulturmiljø, inkludert verneverdige bygningar med utvendig utbetring, vedlikehald og restaurering etter *antikvariske prinsipp*. Det kan ikkje løyvast SMIL midlar til freda bygg.
  - Tilrettelegging for betre tilgjenge og oppleving i jordbrukslandskapet.
  - Tiltak som hindrar erosjon og anna ureining frå jordbruket til jord, luft og vatn.

### 3.5 Aktuelle søkjarar.

Søklar må vere registrert i Einingsregisteret og drive vanleg jordbruksproduksjon på ein eller fleire landbrukseigedomar.

Eigedomar i offentleg eige fell normalt utanfor tilskotsordninga.

## 4. KOMMUNAL SAKSHANDSAMING.

### 4.1 Vedtaksmynde.

Fullmakt er delegert til einingsleiar for byggesak og arealforvaltning. Rapportering til formannskap.

### 4.2. Søknadsfrist.

Søknadsfristen er sett til 1. februar og 1. september dersom det er ledige tilskotsmidlar ved første fordeling. Ordninga skal publiserast gjennom lokal avis og på heimesida til kommunen.

### 4.3. Søknad.

Søknadsskjema med følgjande dokumentasjon skal sendast kommunen:

- Kostnadsoverslag.
- Kart over driftseininga der omsøkte tiltak, kulturminne, erosjonsutsette areal og område med viktige miljøkvalitetar er avmerkt.
- Fotografi og/eller teikningar.
- Løyve frå grunneigar dersom tiltaket skjer på leigd landbrukseigedom.
- Gjødslingsplan og sprøytejournal.

For eigeninnsats vert følgjande satsar godkjende:

- |                                    |             |
|------------------------------------|-------------|
| ▪ Planlegging av tiltak:           | 150 kr/time |
| ▪ Manuell utført eige arbeid:      | 200 kr/time |
| ▪ Bruk av motorsag og ryddesag:    | 300 kr/time |
| ▪ Bruk av traktor:                 | 400 kr/time |
| ▪ Bruk av gravemaskin tom. 4 tonn: | 400 kr/time |
| ▪ Bruk av gravemaskin over 4 tonn: | 800 kr/time |

Ved landskapsskjøtsel er kostnadstaket sett til kr 3000 per daa. Det skal setjast vilkår om beiting av arealet etter ferdigstilling.

#### **4.4 Prioritering.**

Generelle verdier for prioritering av tiltak:

- Identitets og symbolverdi.
- Alder og autentisitet.
- Estetikk.
- Miljøverdi.
- Pedagogisk verdi.
- Bruksverdi og tilgjenge.
- Utløysande for tildeling av tilskot gjennom ordningane i regionalt miljøprogram.

Prioritering av søknader til like tiltak:

- Kvalitet på plan.
- Gjennomføringsevne.
- Samarbeidstiltak.
- Ålmenn interesse.
- Geografisk fordeling.
- Førstegongsøkjar.

#### **4.5 Tilskotssatsar.**

|                                     |                       |
|-------------------------------------|-----------------------|
| Fellestiltak/tilrettelegging:       | frå 30% opp til 100 % |
| Biologisk mangfald, plan og tiltak: | frå 30% opp til 100 % |
| Tiltak i gamal kulturmark:          | frå 30% opp til 70 %  |
| Kulturminne/kulturmiljø:            | frå 30% opp til 70 %  |
| Verneverdige bygningar:             | frå 30% opp til 70 %  |
| Ferdseiltak i jordbrukslandskapet   | frå 30% opp til 70 %  |

Tilskot til det einsskildet tiltaket vil variere etter kvalitet, prioritering og tilhøve mellom disponible midlar og søknadsomfang.

#### **4.6 Utforming av tilskotsbrev.**

- Føremål og kva slags tiltak tilskotet skal nyttast til.
- Tilskotsbeløp.
- Utbetalingsordning.
- Arbeidsfrist og eventuelt andre vilkår for løyvinga.
- Krav til rapportering.
- Kontrolltiltak som kan bli iverksett.
- Moglege reaksjon dersom føresetnader vert brotne.
- Opplysning om innsyns- og klagerett.

#### **4.7 Klagerett.**

Klage på vedtak i kommunen skal skje innan 3 veker frå vedtaket vart kjend for søkjaren. Klagen skal rettast til kommunen som vurderer klagen. Fylkesmannen er klageinstans.



## 5. TILSKOTSTRONG.

### 5.1 Bruk av midlar i perioden 2013 – 2016.

I perioden 2013 – 2016 har Førde kommune disponert ei ramme på kr 1 000 000 i SMIL midlar. Totalt er det søkt om tilskot til 28 prosjekt med godkjend tilskotsgrunnlag på kr 3 322 218. Av desse vart det løyvd tilskot til 26 tiltak med ei tilskotsløyving på kr 1 291 279. Spriket mellom tilskotsramme og tilskotsløyving skuldast at inndregne midlar er løyvd på nytt.

Søknadene er fordelt slik:

|                         | Tal søknader | Godkj. kostnad | Søkt tilskot | Løyvd tilskot |
|-------------------------|--------------|----------------|--------------|---------------|
| Attgroing               | 9            | 678 050        | 597 972      | 341 515       |
| Verneverdige bygningar  | 17           | 2 586 668      | 1 906 207    | 907 077       |
| Biologisk mangfald      | 1            | 34 500         | 34 500       | 28 334        |
| Landbruksureining/andre | 0            | 0              | 0            | 0             |
| Ferdsl                  | 1            | 23 000         | 16 100       | 14 353        |
| Sum                     | 28           | 3 322 218      | 2 554 779    | 1 291 279     |

### 5.2 Tilskotstrong i perioden 2017 – 2020.

Tilskotstrongen for tradisjonelle SMIL tiltak er stipulert med grunnlag i tidlegare erfaring og forventa aktivitet. Prisauke er ikkje inkludert i overslaget.

|                         | Tal søknader | Kostnad   | Tilskotstrong | Tilskotstrong/år |
|-------------------------|--------------|-----------|---------------|------------------|
| Attgroing               | 10           | 753 389   | 527 372       | 131 843          |
| Verneverdige bygningar  | 18           | 2 738 825 | 1 917 177     | 479 294          |
| Biologisk mangfald      | 2            | 69 000    | 69 000        | 17 250           |
| Landbruksureining/andre | 2            | 100 000   | 70 000        | 17 500           |
| Ferdsl                  | 3            | 69 000    | 48 300        | 12 075           |
| Sum                     | 35           | 3 730 214 | 2 631 849     | 657 962          |

